

1 **Når det skal brukast pengar på veg skal liv og helse prioriterast!**

2 I mangfaldige tiår har ein peikt på det enorme etterslepet ein har på rassikring og vedlikehald ein har
3 i Noreg. Både på riks- og fylkesvegar, nord og sør, men aller mest i vest. Sjølv om det har vore lite
4 usemje om at dette stemmer, har det likevel vore vist lite politisk handlingskraft. Senterungdommen
5 meiner at nok er nok. Det skal ikkje lenger vere tvil: om ressursane innan samferdsle må prioriterast
6 skal liv å helse kome ut på topp.

7 For lenge har ein bygd luksusvegar der ein allereie har hatt gode vegar, medan andre har køyrd på
8 hovudvegen sin med livet som innsats kvar einaste dag. For lenge har ein prioritert overdådige
9 vegprosjekt som i praksis stel menneskeliv i byte mot at ein andre stader skal kome fortare fram.

- 10
- 11 • Senterungdommen meiner at når statsbudsjett blir behandla i desember, må dette vere
12 starten på ei opptrapping og ein forpliktande avtale om å ta innbyggjarane langs rasutsette
13 vegar på alvor.
 - 14 • For Senterungdommen er liv og helse vår tydelege prioritering gjennom alt vårt arbeid innan
15 samferdslesektoren frametter.

15 Innsendt av Hordaland Senterungdom